

Radøy kommune
Radøyv. 1690
5936 MANGER

Vår ref.: (nyttast ved korrespondanse)
201012275-42/146.3/OYSIMS

Dykkar ref.:
10/145-6

Bergen, 18. juli 2011

BETRE MOBILDEKNING. TILSKOT INNTIL KR. 1.030.000, TILSEGN NR. BA14-11

Vi viser til søknaden dykkar med prosjektplan, datert 07.07.11 om tilskot til ovannemnde prosjekt. Det er med glede vi kan melde at Hordaland fylkeskommune løyver inntil kr 1.030.000 til dette prosjektet. I denne summer er rekna inn kr. 30.000 til dekning av kommunen sine administrative utgifter.

For at tilsegna skal vere gyldig må de signere og returnere vedlagte standardvilkår innan 2 veker som ei stadfesting på at de har lest og akseptert vilkåra for løyvinga, og at de tek ansvar for å gjennomføra prosjektet som planlagt.

[Tilsegna gjeld til 15.07.2012. Eventuell søknad om forlenging av tilsegna må sendast før denne dato.](#)

1. PROSJEKTGRUNNLAG

Ut frå formuleringane i prosjektsøknaden, legg vi til grunn desse momenta:

Bakgrunn og målsetting

[Bygge ut infrastrutur for ei tilfredsstillande mobildekning i kommunen](#)

Aktivitet

Etablere 3 basestasjonar med tillegg.

Organisering (m. prosjektansvarleg og prosjektleiar)

Prosjektansvarleg: Harald J Stanghelle
Organisasjonsnummer: 954 748 634

2. GODKJENDE KOSTNADER OG GODKJEND FINANSIERINGSPLAN

Godkjende kostnader

| | | |
|---|-----------|------------------|
| Infrastruktur – basestasjonar med tilleggsinvesteringar | kr | 1.500.000 |
| | kr | |
| | kr | |
| | kr | |
| Sum | kr | 1.500.000 |

Godkjend finansieringsplan

| | | |
|-------------------------|-----------|------------------|
| Radøy kommune | kr | 500.000 |
| | kr | |
| | kr | |
| Hordaland fylkeskommune | kr | 1.000.000 |
| Sum | kr | 1.500.000 |

3. VILKÅR FOR TILSKOTET

Generelle vilkår

- Større endringar i prosjektplanen, herunder endringar i budsjett eller finansieringsplan, skal etter søknad frå tilsegnsmottakar godkjennast av fylkeskommunen. Søknaden må vere signert av prosjektansvarleg.
- Føresetnaden for fylkeskommunen si løyving er at prosjektet vert finansiert slik godkjend finansieringsplan ovanfor viser. Fylkeskommunen sin finansieringsdel kan dekkja **inntil 66.7 %** av godkjende kostnader (kr. 1.500.000).
- Prosjektet må gjennomførast i samsvar med innsendt prosjektplan. Om dette kravet ikkje er oppfylt, kan tilskotet bli skjønsmessig avkorta.

Profilering

- I alle presentasjonar av og orienteringar om prosjektet, pliktar tilsegnsmottakar å informere tydeleg om at prosjektet er delfinansiert av Hordaland fylkeskommune.

Statusrapportering og evt. delutbetaling

- Tilsegnsmottakar kan søkje om delutbetaling av tilsegna. Søknaden må innehalde tilfredsstillande dokumentasjon av medgåtte kostnader. Delutbetaling vil verta gjort i henhold til godkjent kostnadsprosent – maksimalt inntil 75% av innvilga tilskot (kr. 1.000.000).

Prosjektavslutning og sluttutbetaling

- Tilsegnsmottakaren skal sende søknad om sluttutbetaling, saman med *sluttrapport* og *sluttrekneskapskjema*, til fylkeskommunen straks prosjektet er avslutta. Før sluttutbetaling må tilsegnsmottakaren også rapportere i høve til Kommunal- og regionaldepartementet (KRD) *sine resultat- og effektindikatorar*. [Vi kjem tilbake til dette seinare](#).

- *Sluttrapporten* skal innehalde desse punkta:

- ◇ Bakgrunn for prosjektet
- ◇ Mål med prosjektet
- ◇ Oppnådde resultat
- ◇ Vurdering mot oppsette mål
- ◇ Oppsummering av prosjektarbeidet (organisering, sterke/svake sider ved prosjektet, ikkje planlagde resultat, informasjon m.v.)
- ◇ Eventuell vidareføring av prosjektet

- Signert *Sluttrekneskapskjema* (vedlagt) gjev formelt grunnlag for endeleg utbetaling. Tilsegnsmottakaren skal sende utfyllt skjema til Hordaland fylkeskommune saman med

søknad om sluttutbetaling.

Merk! Revisor skal attestere sluttrekneskapen for tilsegn frå og med **kr 100 000,-**.

- Rapportering til KRD *sine resultat- og effektindikatorar* skal gjerast ved å gå inn på denne lenkja: www.hordaland.no/mrs
- Tilsegnsmottakaren har ansvar for å kontrollere at utbetalt beløp er korrekt. Evt. for mykje utbetalt tilskot skal betalast attende snarast.

Kontroll:

- Fylkeskommunen og fylkeskommunen sin revisor har når som helst rett til å kontrollere at midlane vert forvalta i samsvar med vilkåra i tilsegna. Vi gjer merksam på at de pliktar å gje fylkeskommunen og fylkeskommunen sin revisor dei opplysningane dei finn påkravd for sin kontroll. Riksrevisjonen har også høve til slik kontroll, jf. Stortinget sitt løyvingsreglement §10.

4. KLAGE / INNSYN I DOKUMENTA

Part eller andre med rettsleg partsinteresse kan påklage vedtaket innan ein frist på tre - 3 - veker. Fristen vert rekna frå den dagen de mottok melding om vedtaket. Den fylkeskommunale klagenemnda er klageinstans.

Klagen skal sendast til Regionalavdelinga, Postboks 7900, 5020 Bergen.

Klagen må innehalde opplysningar om kva vedtak det vert klaga over, årsaka til at det vert klaga og kva endringar ein meiner bør gjerast.

Vi gjer merksam på at de etter Forvaltningslova har rett til å gjere dykk kjende med dokumenta i saka med dei avgrensingane som følgjer av §§ 18 og 19.

5. KONTAKTPERSON

Hordaland fylkeskommune sin kontaktperson for dette prosjektet er Øystein Imset, 55239288/oystein.imset@post.hfk.no.

Fylkeskommunen ynskjer dykk lukke til med gjennomføringa av prosjektet.

Med helsing

Jan Per Styve
Regionaldirektør

Mette Nora Sætre
Næringssjef

Vedlegg: Standardvilkår, Statusrapportering – mal og Sluttrekneskapsskjema

Vi ber om at De signerer og returnerer følgende standardvilkår som ei stadfesting på at De har lest og akseptert vilkåra for løyvinga, og at De tek ansvar for at prosjektet vert gjennomført etter planen.

Standardvilkår for regionalt utviklingsprogram for Hordaland

Prosjektnamn: Betre mobildekning

Tilsegn nr BA14-11

Tilskot inntil kr 1.030.000

Vår ref.: 201012275-

42/146.3OYSIMS

Fyllast ut av tilsegsmottakar:

Tilsegsmottakar: _____

Postadresse: _____

Kontaktperson: _____

Telefon/telefaks: _____ E-postadresse: _____

Org.nr. _____ Kto.nr.bank/post _____

VILKÅR FOR TILSKOTTET:

- Pkt 3 i dette tilsegnet
- Brev frå Hordaland fylkeskommune av 14. juni 2011 om invitasjon til å søkje om midlar til betre mobildekning.

Stad:..... Dato:.....

Signatur:.....

Prosjektansvarleg

Regionalt utviklingsprogram for Hordaland 2011
SLUTTREKNEKAPSSKJEMA

Prosjektnamn: **Betre mobildekning**

Tilsegnsnr. **BA 14-11**

Tilskot inntil kr **1.030.000**

Vår ref.: **201012275-**

42/146.3OYSIMS

Fyllast ut av tilseingsmottakar:

Org.nr. _____ Kto.nr.bank/post _____

Namn: _____

Postadresse: _____

Kontaktperson: _____

Telefon/telefaks: _____ E-postadresse: _____

SLUTTREKNEKAP:

Rekneskapen under skal setjast opp etter same oppsett som er nytta for budsjett (jf. pkt.2 i tilseingsbrevet).

| Budsjett: | | | Finansieringsplan: | | |
|--------------|-----------|----------|--------------------|-------------------|----------|
| Budsjettpost | Rekneskap | Budsjett | Kjelde: | Sluttfinansiering | Budsjett |
| | | | | | |
| | | | | | |
| | | | | | |
| | | | | | |
| | | | | | |

Godkjent av prosjektleiar: _____
dato _____ signatur og stempel _____

Godkjent av prosjektansvarleg: _____
dato _____ signatur og stempel _____

ATTESTASJON AV REVISOR.

GJELD BERRE FOR TILSEGN FRÅ OG MED KR 100 000,-.

Føremålet med revisor sitt arbeid og rapportering for prosjektet, er å stadfeste økonomisk informasjon registrert i sluttrekneskapen.

Revisor skal utføre kontrollar som gjev tilseingsytar ei forvissing om at inntektene/finansieringa og kostnadane i prosjektet er fullstendige og reelle, dokumenterte og korrekt registrerte i rekneskap/ prosjektrekneskap.

Avtalte kontrollhandlingar opp mot sluttrekneskapen for prosjektet er gjennomført.

Godkjent av revisor: _____
dato _____ signatur og stempel _____

Returadresse: Hordaland fylkeskommune, Regionalavdelinga, Postboks 7900, 5020 Bergen

